



SAKSFRAMLEGG

| | |
|---|--------------------------|
| Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland | Arkivkode: FA-D11 |
| Arkivsaksnr: 18/572 | Løpenr: 19/9260 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Kommunestyret | 05.12.2019 | 076/2019 |

Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader 2019 Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

KS- 076/2019 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek handlingsporgrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølgja:

1. Friidrettsbane
2. Bjørkheim friluftsområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek handlingsporgrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølgja:

1. Friidrettsbane
2. Bjørkheim friluftsområde

Dokument som er vedlagt:

Handlingsprogram 2019-2022

Dokument som ikke er vedlagt:

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2019

Lov om planlegging og byggesaksbehandling

Kva saka gjeld:

Søknader om spelemidlar skal prioriterast gjennom politisk fatta vedtak og i samsvar med kommunen

sin plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

For å kunna søka om spelemidlar til ordinære anlegg er det ein føresetnad at anlegget er del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. For å fanga opp nye eller endra behov krev plan- og bygningsloven ein årleg rullering av handlingsdelen jf. § 11-1. For nærmiljøanlegg omfattar vilkåret kun anlegg med ei kostnadsramme over kr 600 000.

Frist for innspel til handlingsprogrammet til Kommundelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv var 30. juni. Det kom ingen nye innspel til handlingsprogrammet innan fristen og rullering av handlingsprogrammet vert difor tatt med i denne saka.

Rulleringa av handlingsprogrammet og prioritering av søkerne i 2019 vert oversendt til Hordaland fylkeskommune og handsama i 2020.

Kommunen skal sette opp ei oversikt over søkerne i to søkergrupper:

- Ordniære anlegg
- Nærmiljøanlegg

Ordniære anlegg vert definert som anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg vert definert som anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller oppholdsområder. Nærmiljøanlegg er kun utandørsanlegg.

Heimel og formål med spelemidlar

Spelemidlar til bygging og rehabiliteringa v idrettsanlegg skal bidra til infrastruktur som gjev innbyggjarane høve til å driva aktivitet, både i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten og gjennom høve for eigenorganisert aktivitet.

Anlegg i lokalmiljøet som stimulerar og tilfredsstiller barn sine behov for fysisk aktivitet i organiserte eller uorganiserte formar, vert særskild prioritert. Når det gjelder ungdom, er det eit mål å utvikla anlegg som tilfreddstiller ungdommen sine behov for utfordringar og variasjon. Ungdom må få høve til å medverak i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungera som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna.

Vurderingar og konsekvensar:

I år er det to søker til ordinære anlegg å prioritera mellom. Det er friidrettsanlegg i Hagabotnane og Bjørkheim friluftsområde. Det er ingen søker om spelemidlar til nærmiljøanlegg innan fristen.

På grunn av stort etterslep i Hordaland vil tiltaka ikkje få prioritet før søkeren har vore fremja i tre år. Begge tiltaka har vore søkt på tidligare. Det er tredje året søker om tilskot til friidrettsanlegg vert fremja og andre året for Bjørkheim friluftsområde. Begge søkerne er vurdert å vera i orden v. Hordaland fylkeskommune.

Prioriteringa av spelemiddelsøkerne skal i utgangspunktet vurderast ut frå kva for eit anlegg det er mest behov for. Samstundes er det eit stort etterslep i Hordaland, og det er som regel få søkerne å prioritera mellom i Samnanger. Det gjer at det vert naturleg å ha ei «kø-ordning», kor dei som søker på andre året etc. vert prioritert før nye søkerne.

Me har valt å leggja til grunn for ei kø-ordning. Då vert friidrettsanlegget prioritert som nummer 1 og Bjørkheim friluftsområde som nummer 2.

Alle idrettsanlegg som får godkjent søkeren sin av Hordaland fylkeskommune vil til slutt få spelemidlar, men det kan ta fleire år.

